

Årsmelding 2025

Vestland Skognettverk



Styret i Vestland Skognettverk 2025 er følgjande:

Sjur Ove Svartveit	Leiar
Kristine Jacobsen	Nestleiar
Sissel Bruland	Styremedlem
Gøran Kåstad	Styremedlem
Ivar Smedsrud	Styremedlem
Ragnvald Vaage	Styremedlem
Norodd Baug	Vara
Martin Braanaas	Vara
Ruben R. Bøtun	Sekretær
Torgrim Østgård	Representant frå Statsforvaltaren
Erlend Herstad	Representant frå Vestland Fylkeskommune
Finn Olav Myhren	Representant frå Vestland Fylkeskommune

Det vart halde tre styremøte i løpet av 2025 og gjennomgått 20 saker. Den viktigaste saka var planlegging av skogseminar med politisk debatt, (Vossamøte) og prosjektet Framtidsskogen.

Styreleiar deltok på Trepertssamarbeid på Gardermoen den 27.-28. januar på Gardermoen. På agendaen var oppfølging av Melding om Kystskogbruket 2022 og vegen vidare i 2025 og den neste 4 års perioden.

Sekretær deltok på førebunde møte til jordbruksforhandlingane med Vestland bondelag den 29.januar. Møtet var både fysisk og digitalt, og sekretær fekk løfte fram kva som var viktig for skognæringa i fylket.

Det vart arrangert 4 informasjonsmøter i ulike kommunar i Vestland (Sogndal, Sunnfjord og Stryn i veke 9 og i Vik den 9. april), der skogressursen og skognæringa blei løfta fram for politikarar, kommuneadministrasjonen og andre interesserte. Den 17. november hadde sekretær og Fylkesskogmeisteren i Vestland eit skogmøte med Erling Sande (SP).

Den 4.- 5. juni var den årlege [Kystskogkonferanse](#). Årets konferanse var i Trøndelag med bedriftsbesøk på Norske Skog, og synfaring av skog der tidleg hogst var tema. Sekretær og styreleiar deltok.



Informasjonsmøte for politikarar og administrasjonen i Sogndal kommune 25.2



Informasjonsmøte for politikarar og administrasjonen i Sunnfjord kommune 26.2

Måndag den 31. august vart det halden eit skogseminar med politisk debatt for femte år på rad. Tema for arrangementet var lokal vidareforedling av tømmer, og seminaret fekk tittelen «Lokal vidareforedling av vestlandsk tømmer». Det var om lag 80 deltakarar som vart arrangert på Voss Sag og Tradisjonsbygg på Fenno.

I løpet av året har det vore jamlege møter og nettverkssamlingar i regi av Kystskogbruket og Skognæringa Kyst, der både sekretær Ruben R. Bøtun og leiar Sjur Ove Svartveit delteke. Dette har vore nyttige møter mellom dei ulike skognæringsforuma og Kystskogbruket.



Frå skogdebatten under Vossamøte 25. august

Sjur Ove Svartveit

Kristine Jacobsen

Sissel Bruland

Ivar Smedsrud

Ragnvald Vaage

Gøran Kårstad